

Saksprotokoll i hovudutval for næring - 12.01.2021

Mark Taylor (MDG) sette på vegner av MDG fram slik forslag:

«Alternativ til punkt 1 med tillegg til hovudprioriteringane:

1. Hovudutval for næring vedtek Handlingsplan for landbruk i Vestland 2021 slik den ligg ved i vedlegg 1, med justeringar i tråd med punkt 2 i denne saka og følgjande tillegget under 3.2 - i nest siste kulepunkt - føy til "samt auka fokus på jordliv og karbonbinding i jord".»

Avrøysting

Det var 15 representantar til stades.

Taylor sitt forslag fekk tre røyster (1H, MDG, SV) og fall.

Fylkesdirektør innovasjon og næringsutvikling sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Handlingsplan for landbruk i Vestland 2021

1. Hovudutval for næring vedtek Handlingsplan for landbruk i Vestland 2021 slik den ligg ved i vedlegg 1, med justeringar i tråd med punkt 2 i denne saka.
2. Administrasjonen får fullmakt til å gjere mindre justering etter vedtak. Regional ramme for IBU-midlar blir ført inn i planen, og handlingsplanen vert utforma i tråd med grafisk profil for Vestland fylkeskommune. Mindre tekstlege justeringar utan innverknad på innhaldet kan gjerast.
3. Administrasjonen får fullmakt til å tildele 6 700 000 kr. sett av til regionale tilretteleggingstiltak innan landbruket i 2021. Midlane skal lysast ut og tildelast i tråd med handlingsplan for landbruk i Vestland 2021, og forskrifter for ordninga fastsett av Landbruks- og matdepartementet. Tiltaka vert drøfta med partnerskapen i landbruket, og vedtaka blir lagt fram for hovudutvalet til orientering.
4. Administrasjonen får fullmakt til å tildele 1 960 000 kr. sett av til rekruttering og kompetanseheving i landbruket i 2021. Midlane skal lysast ut og tildelast i tråd med føringar vedtekne i handlingsplan for landbruk i Vestland 2021, og forskrifter for ordninga fastsett av Landbruks- og matdepartementet. Tildelinga vert drøfta med partnerskapen i landbruket, og vedtaka blir lagt fram for hovudutvalet til orientering.
5. Administrasjonen får fullmakt til å tildele 2 400 000 kr. avsett til Kompetansenettverk i Vest Norge i tråd med føringar i handlingsplan for landbruk 2021, handlingsplan for kompetansenettverket for 2021 og føringar frå Landbruks- og matdepartementet. Fylkesrådmannen får også fullmakt til å disponere 120 000 kr. som er sett av til administrative midlar knytt til arbeidet med kompetansenettverket. Tilskotsbrev og handlingsplan for kompetansenettverket blir lagt fram for hovudutvalet til orientering.
6. Administrasjonen får fullmakt til å tildele 1 380 000 kr. sett av til prosjektmidlar til Kystskogbruket. Midlane skal tildelast i samråd med andre fylke og i tråd med forskift for ordninga. Hovudutvalet får lagt fram orienteringar om ordninga, og om skog og treprodukt som næring.
7. Det blir teke atterhald om løyvingar i endeleg oppdragsbrev frå Landbruks- og matdepartementet. Ved endringar i høve det som er kjent frå Statsbudsjettet vert vedtaket endra i tråd med endeleg oppdragsbrev.